

Protokoll frå møte i felles programstyre for lektorutdanninga

Møte 2 - 2026

Tidspunkt: 24. mars, 2026, kl. 09.00 - 12.00

Møtestad: Lektorsenteret, Christies gate 20

Til stades:

Endre Brunstad (leiar), Øyvind Wiik Halvorsen (vara, PF), Kjetil Børhaug (SV), Christian Sæle (HF-AHKR), Myriam Coco (HF-IF), Ragnhild Lie Anderson (HF-nordisk), Matthias Stadler (NT), Guri Reikvam (Bergen kommune, Slåtthaug ungdomsskole), Ranveig Lote og Aud Irene Mehammer (sekretariat, lektorsenteret)

Observatør: Vibeke Tellmann (fagleg praksisleiar)

Meldt forfall: Martin Sjøen (PF), Monica Håkonsli (VLFK), Thashany Pratheepan, Rolf Ivar Bøe og Anders Taraldsen (studentrepresentantar)

Framlegg til dagsorden:

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkallinga blei godkjend.

II Godkjenning av protokoll frå møtet 3. februar

Protokollen blei godkjend.

Saker til eventuelt: ingen

Vedtakssak

Sak 8/26 Forskingsdagen 2026

Felles programstyre er positiv til at lektorutdanninga skal halde fram med å arrangere forskingsdag, og håper at ein vil få fagmiljøa til å bidra og delta.

I møtet kom det fram ulike moment som det bør takast omsyn til i planlegginga av og i arbeidet med eit program.

- Dagen bør synleggjere lektorutdanninga som ei forskingsbasert utdanning og kor tema for dagen er knytt til didaktisk og pedagogisk skuleretta forskning.
- I tillegg til å involvere relevante forskargrupper i programarbeidet må ein også gi rom for ev. stipendiatar og enkeltforskarar fristilt frå forskargruppene. Det er heller ikkje alle fagmiljøa som har didaktiske forskargrupper. I tillegg er det ikkje alle som forskar didaktisk/pedagogisk som er med i didaktiske/pedagogiske forskargrupper.

Vedtak

Forskingdagen blir arrangert fredag 13. november 2026. Målet er at den skal vere ein møtestad for forskning knytt til lektorutdanning og skule ved UiB, og ha eit særleg fokus på pågåande forskning. Lektorsenteret vil arrangere dagen, og involverer relevante forskargrupper i programarbeidet.

Sak 9/26 Praksis i grupper

Utgangspunktet for saka var at programstyret hadde vedteke at det skulle gjennomførast eit pilotforsøk med praksis i grupper. Rapporten «Praksis i grupper i langpraksis. Evaluering av eit pilotforsøk» gav ei evaluering av pilotprosjektet med tilrådingar for vidare arbeid.

I diskusjonen i programstyret kom det til uttrykk ulike syn på om praksis i grupper burde vidareutviklast som prøveprosjekt. Dei fleste var positive til framlegget til vedtak, men eit mindretal uttrykte seg negativt. Basert på diskusjonen i møtet blei det opphævelege framlegget til vedtakstekst revidert. I tillegg vart det lagt fram eit alternativ framlegg til vedtak.

Programstyret voterte over dei to framlegga til vedtak.

Framlegg 1 (revidert tekst til opphæveleg framlegg):

Programstyret støttar vidareutvikling av prøveprosjekt med praksis i grupper hausten 2026 for studentar i ungdomsskulen. Prosjektet skal evaluerast.

Framlegg 2 (alternativ framlegg):

Programstyret støttar vidareutvikling av prøveprosjekt med praksis i grupper hausten 2026 for studentar i ungdomsskulen. Prosjektet skal avgrensast til 2 skular. Prosjektet skal evaluerast .

Avstemming:

Framlegg 1 fekk 6 av 8 stemmer.

Framlegg 2 fekk 2 av 8 stemmer

Representanten for lektorprogrammet i matematikk og naturfag bad om å få protokollført at dette lektorprogrammet ikkje vil delta i gruppepraksis innanfor denne ordninga.

Vedtak

Programstyret støttar vidareutvikling av prøveprosjekt med praksis i grupper hausten 2026 for studentar i ungdomsskulen. Prosjektet skal evaluerast.

Orienteringssak

Sak 10/26 Lærernes dag 2026 - evaluering

Saka blei utsett til neste møte

Sak 11/26 Val av fag 2 - haust 2026

Felles programstyre tok saka til orientering.

Sak 12/26 Vidareutvikling av organisering av lektorutdanninga

Saka blei utsett til neste møte

Sak 13/26 Rammeplanarbeidet

Framlegg til ny felles rammeplan skulle etter planen bli send på høyring tidleg om våren 2026. Beskjeden er no at høyringa blir utsett til hausten 2026, men at det vil kome ein innspelsrunde no til våren, med frist 10. juni. Meir om saka vil komme i neste møte

Felles programstyre tok saka til orientering.

Sak 14/26 Nytt frå praksisutvalet

Felles programstyre tok saka til orientering.